

Karoline Espeseth

Tematisk analyse av lærebok på 5.trinn

Mai 2021

NTNU

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet.
Fakultet for samfunns - og utdanningsvitenskap
Institutt for lærerutdanning

Bacheloroppgåve

2021



Karoline Espeseth

Tematisk analyse av lærebok på 5.trinn

Bacheloroppgåve
Mai 2021

NTNU

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet.
Fakultet for samfunns - og utdanningsvitenskap
Institutt for lærerutdanning



Kunnskap for ei betre verd

Innholdsliste

SAMMENDRAG	2
INNLEIING	2
TEORI.....	3
<i>LÆREPLANANE</i>	<i>3</i>
<i>KVALITATIV METODE</i>	<i>4</i>
<i>TEMATISK ANALYSE</i>	<i>4</i>
<i>GRENSESETTING</i>	<i>4</i>
METODE.....	5
ANALYSE OG DRØFTING.....	6
<i>AVGRENSING AV ANALYSE</i>	<i>6</i>
<i>ANALYSE</i>	<i>7</i>
<i>Pubertet.....</i>	<i>8</i>
<i>Seksualitet</i>	<i>9</i>
<i>Kjensler</i>	<i>10</i>
<i>DRØFTING</i>	<i>11</i>
<i>Pubertet.....</i>	<i>12</i>
<i>Seksualitet</i>	<i>13</i>
<i>Kjensler</i>	<i>14</i>
AVSLUTNING OG KONKLUSJON	16
KJELDER	17
VEDLEGG.....	19

Sammendrag

Denne studien er ein kvalitativ forskingsstudie som tek utgangspunkt i ei tematisk analyse av to læreverv laga for 5.trinn, som har kvart sitt kapittel om seksualundervisning. Analysen tek utgangspunkt i tre tema, *pubertet*, *seksualitet* og *kjensler*, utvelt frå kva fokus LK06 og LK20 har i sine kompetansemål for etter 7.trinn om seksualundervisning. Problemstillinga i denne forskingsstudien er:

- Kva er likskapar og skilnadar mellom to læreverv frå to forskjellige læreplanar, LK06 og LK20, basert på tre tema innan seksualundervisning.

Dei viktigaste funna i denne forskingsstudien er at det er både likskapar og skilnadar mellom bøkene. Likskapar er at begge bøkene omtalar temaet pubertet godt og nøye, og dei tek begge opp dei to andre tema, men til forskjellige grader. Gaia 5 tek opp kva som skjer når ein er gravid, men ikkje korleis. Dette er noko Refleks 5-boka nemner. Når de kjem til temaet seksualitet, gjer Gaia 5 greie for heterofili og homofili, medan Refleks 5 tek for seg andre typar seksualitet enn berre dei to. I det siste temaet, kjensler, tek begge bøkene opp forelsking og kva andre kjensler ein kan få når ein går inn i puberteten. Gaia 5 viser ein tydeleg refleksjon av LK06 og kva tema som var viktige i samfunnet på den tida. Refleks 5 er ein god refleksjon av LK20, og tek opp dagsaktuelle tema frå samfunnet i dag.

Innleiing

Ved innføring av den nye læreplanen LK20, betyr det at forlag over heile landet er i gang med å konstruere nye lærebøker som skal passe inn til dei nye delane og kompetansemåla som blir implementert. Når der kjem nye læreplanar og kompetansemål er desse retta meir mot notida sitt samfunnet og dei nye framstega som er tatt sidan den eldre læreplanen vart laga. LK06 blei utarbeidd rundt 2006, og deretter revidert i 2013. Sidan både 2006 og 2013, har det skjedd fleire framsteg både nasjonalt og på verdsbasis. Då eignar ikkje læreplanar som vart vedtatt i 2006 seg lengre. Men kva har eigentleg forandra seg mtp. seksualundervisninga i skulen sidan den tid? Samfunnet generelt har forandra seg mykje sidan tidleg 2000-talet, både mtp. openheit og aksept for variasjon i seksualitet, tidlegare tabubelagte tema blir snakka om i media, som t.d. spontanabort (Nærum, 2020), og kritikk og vald mot LHBTIQ-miljøet (Bufdir, 2021). LHBTIQ er eit samleomgrep for menneske som kjenner seg att i seksualitetar som lesbisk, homofile, bifile og transseksuell, intersex og «queer» (Bufdir, 2018). Dette er definitivt tema som både er relevant og viktig at elevar i dagens skule lærar om, for å skape ein trygg og open arena til å snakke om vanskelegstilte tema som seksualundervisninga byr på. Men har lærebøkene eigentleg forandra seg når det kjem til tema som følge av dei nye skifta i samfunnet og ein ny læreplan?

Eg har velt temaet seksualundervisning fordi eg synast dette er eit av dei tema som er mest interessant både å lære om sjølv, og å kunne undervise vidare til elevar om. Eg har frå eigen erfaring og i samtale med andre på min alder inntrykk av at den seksualundervisninga som var i skulen før, ikkje har gitt eit reelt innblikk i korleis den verkelege verda er. Det er ikkje berre heteroseksuelle forhold og sex som finst, og i skulen så var det for det meste det som blei undervist om. Jenter og gutar blei splitta frå kvarandre, og får liten sjans til å høre om den andre sida. I naturfaget kan òg undervisninga bli ganske biologisk, at ein lærar meir om kva som skjer i kroppen; mensin, sædcelleproduksjon, kroppen veks m.m. Ein lærar lite om kva som skjer i hovudet og dei andre aspekta ved å nå puberteten og tenåringslivet, som t.d. kjensler, sex, grensesetting og ulike typar prevensjon. Dette er noko eg har lyst å sjå på om dei nye lærebøkene legg vekt på, og om det har forandra seg frå då meg og mine jamnaldrande lærte i seksualundervisninga.

Teori

Læreplanane

Der finst mange likskapar og skilnadar når det kjem til samanlikning av LK06 og LK20. Då LK06 blei innført var der ein trengsel for tydeligare læringsmål, tilpassa opplæring, fokus på læringsstrategiar o.l. (Engelsen, 2008, s.10). Dersom ein ser på kompetansemåla for naturfag i LK06, ser ein at kompetansemåla er ganske tydelege. Dei er knytt til forskjellige tema som skal vere gjennomgåande på alle trinn, og jo eldre elevane blir, jo fleire kompetansemål blir lagt til under kvart tema. Dette skil seg frå den nye læreplanen LK20, der kompetansemåla ikkje er kategorisert innan eit tema, men alle kompetansemåla er samla. Det som er nytt med LK20 er at kompetansemåla ikkje er like spesifikke og detaljerte slik som dei er i LK06. Mange av kompetansemåla i LK20 kan ein flette inn i fleire forskjellige delar av naturfag. Ta t.d. kompetansemålet «reflektere over hvordan teknologi kan løse utfordringer, skape muligheter og føre til nye dilemmaer» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Dette kompetansemålet knyt seg ikkje spesifikt til eit tema i naturfag, som i den eldre læreplanen hadde dette gått under teknologi og design. I den nye læreplanen kan ein knyte dette kompetansemålet opp til t.d. bærekraftig utvikling, teknologi, simulering av kjemiske reaksjonar.

Når det kjem til seksualundervisning i skulen i dag er det mykje som har forandra seg i samfunnet sidan den tidlegare læreplanen blei produsert, og no burde ein kanskje legge vekt på andre tema i seksualundervisninga som ein kanskje ikkje hadde gjort for femten år sidan (Movik, 2028) & (Utdanningsnytt, 2018). Dersom ein ser på kompetansemål som omhandlar seksualundervisninga etter 7.trinn i LK06, så er der to kompetansemål eg kan trekke ut: «Beskrive utviklingen av menneskekroppen fra befruktning til voksen» og «Forklare kva som skjer under puberteten og

samtale om ulik kjønnsidentitet og variasjon i seksuell orientering» (Utdanningsdirektoratet, 2006). Det første kompetansemålet er ganske spesifikt, men òg eit stort kompetansemål dersom ein skal sjå på alle delar av denne utviklinga. Det andre kompetansemålet er eit ganske opent kompetansemål, der hovudfokusert er kva som skjer under puberteten, noko elevane skal kunne forklare. Den andre delen av kompetansemålet er at elevane skal kunne samtale om kjønnsidentitet og seksuell orientering. Her er det ikkje noko krav til å kunne forklare kva desse er, men at elevane skal kunne samtale rundt desse tema.

Visst eg no ser på kompetansemål frå LK20 med tanke på seksualundervisning, er der berre eitt kompetansemål eg kan trekkje ut; «gjøre rede for fysiske og psykiske forandringar i puberteten og samtale om hvordan dette kan påvirke følelser, handlinger og seksualitet» (Utdanningsdirektoratet, 2020). I dette kompetansemålet vil fokuset vere puberteten, og kva konsekvensar puberteten har for kjensler, handlingar og seksualitet.

Kvalitativ metode

Denne studien er ei tematisk analyse, som går under kvalitativ forskingsmetode. Ein kvalitativ forskingsmetode brukast for å undersøke og beskrive sosiale prosessar, opplevingar og erfaringar. Datamateriale består som oftast av tekst som skal analyserast på ulike måtar, og felles for disse måtane å analysere på er at forskarane søkjer etter meining i datamateriale (Berg & Munthe-Kaas, 2013, s.132).

Tematisk analyse

Ei tematisk analyse går ut på å velje ut spesifikke tema ut i frå eit sett med data, som i denne studien blir lærebøkene som eg har velt, og desse tema vil ta utgangspunkt i kva læreplanane til dei tilhøyrande bøkene går ut på. Denne metoden for analyse går ut på å identifisere, analyserer og sjå på mønster i datamateriale (Braun & Clarke, 2006). Tema som eg vel ut har ein viss relevans i forhold til problemstillinga. Dette er kanskje ikkje er noko som går igjen i kapitela i store kvantitetar, men har mykje å seie for denne problemstillinga, som Braun og Clarke (2006) påpeikar i sin artikkel.

Grensesetting

Grensesetting er noko som eg synast burde bli lagt meir vekt på i dei nye lærebøkene, og i undervisning i skulen generelt. Det er viktig å kunne ha ein samtale om kva som er greitt og ikkje greitt, fordi desse grensene kan variere frå person til person, og det er derfor viktig at elevane lærar å kunne kommunisere med dei dei vel å vere intime med. Det har nylig blitt publisert ei undersøking

av UN Women UK, der dei hadde kartlagt kor mange som har opplevd ei form for seksuell trakassering (APPG UN Women, 2021). I rapporten kjem det fram at berre 3% av dei som svarte på undersøkinga har ikkje opplevd seksuell trakassering, og at heile 86% mellom 18-24 år har opplevd ei form for seksuell trakassering.

Det er òg viktig at elevar får vite at sex skal vere ein positiv oppleving for begge partar, at dei lærar kva som er bra, og det å kunne skape gode og sunne haldningar til kva sex skal vere (Amnesty International, 2015). Denne artikkelen er mest retta til undervising på vidaregåande trinn, men temaet om grensesetting er relevant heilt ned på barnetrinnet for å kunne legge eit grunnlag for gode haldningar til grenser. Dette vil vere bra for elevane når dei ein gong skal ha sin seksuelle debut.

Metode

Denne oppgåva legg vekt på ei analyse av to lærebøker for å sjå kva skilnadar og likskapar det er mellom lærebok frå LK06 og lærebok frå LK20, med fokus på seksualundervising. Dette er ein kvalitativ forskingsstudie med tematisk analyse, og eg tek utgangspunkt i Braun & Clarke sin artikkel for tematisk analyse. Eg har velt tematisk analyse fordi i denne oppgåva skal eg sjå på korleis forskjellige tema om seksualundervising blir framstilt, og korleis denne framstillinga dekkjer dei kompetansemåla som kjem frå læreplanane. Ein av fordelane ved å ta i bruk ei slik analyse er fleksibiliteten. Der er teoretisk fridom, som gjer at analysen blir eit fleksibel og nyttig verktøy som kan gi eit rikt og detaljert, men også kompleks analyse av datamateriale (Barun & Clarke, 2006). Ein kvalitativ metode går ut på å forstå meinings-perspektivet, altså kva idear, meiningar og verdiar som ligg i det ein skal undersøke (Lederman & Abell, 2014, s.42).

I denne oppgåva vil eg ta i bruk Gaia 5 (Spilde & Bungum, 2006), Gyldendal si lærebok for 5.trinn, som er den læreboka dei har tilgjengeleg på praksisskolen. Denne boka blei produsert opp i mot dei kompetansemåla som kjem frå LK06. Den er ein av dei mest brukte lærebøkene i norsk skule, i følge Waagene & Gjerustad (2015), som gjorde ei undersøking på kva lærebøker som blir mest brukt i den norske skulen. Grunnen til at eg har velt denne boka for 5.trinn, er fordi dei andre bøkene som eg hadde tilgjengeleg var for 6. og 7.trinn (Yggdrasil), og der var ingen kapittel som dekkja tema for denne oppgåva. Gaia 5 er den einaste boka eg hadde tilgjengeleg med eit kapittel om seksualundervising. Den andre boka brukar i denne analysen er Refleks 5 (Grindstad, Lyngvær, Spilde, Staberg, 2020), frå Gyldendal. Denne boka blei produsert opp i mot den nye læreplanen som kom i 2020, LK20.

Data som blir samla inn i denne oppgåva er to kapitla frå dei lærebøkene eg har velt har knytt til temaet seksualundervisning. Gaia 5 har eg fått tilgang til av praksisskolen, og Refleks 5 ligg tilgjengeleg på Gyldendal sine nettsider. Lærebøkene vil bli analysert opp i mot dei tema som eg har velt ut i den tematiske analysen. Kompetansemåla som eg vil ta utgangspunkt i, kjem frå læreplanen i naturfag, både frå LK06 og LK20. Eg vil sjå på kompetansemåla for etter 7.trinn. Kompetansemåla som eg skal sjå på er:

LK06:

- Beskrive utviklingen av menneskekroppen fra befruktning til voksen
- Forklare hva som skjer under puberteten og samtale om ulik kjønnsidentitet og variasjon i seksuell orientering

(Utdanningsdirektoratet, 2006)

LK20:

- Gjøre rede for fysiske og psykiske forandringer i puberteten og samtale om hvordan dette kan påvirke følelser, handlinger og seksualitet

(Utdanningsdirektoratet, 2020)

I denne studien skal eg i fyrste del sjå på likskapar og skilnadar i læreplanane mtp. seksualundervisning, og deretter tematisk analysere dei to lærebøkene ut i frå tema frå læreplanane. Eg vil drøfte både kva tema som går igjen frå den gamle læreboka til den nye, og kva tema som er nytt både i den nye læreplanen og i den nye læreboka. Til slutt vil eg summere opp mine funn i desse lærebøkene, og drøfte kva som kan vere grunnen til at noko blir tatt med vidare og kvifor nye tema blir introdusert. Tema som eg har velt som utgangspunkt for analysen kjem ut i frå likskapar og skilnadar, og skal svare på problemstillinga.

Analyse og drøfting

Avgrensing av analyse

Når eg skal no sjå på likskapar mellom desse kompetansemåla, så ser eg at puberteten er det gjengåande tema i begge læreplanane. Dette vil då vere det fyrste tema eg kjem til å sjå på i analysen. Det andre eg ser som går igjen er seksualitet. I begge kompetansemåla skal elevane kunne samtale om seksualitet. Men der er ein forskjell; i LK06 skal elevane samtale om seksuell variasjon, men i LK20 skal elevane samtale om korleis puberteten påverkar seksualitet. Det er ikkje til å legge skjul på at mange unge i dag opplever å kjenne på kjensler i konflikt med det samfunnet legg opp til at dei skal vere. Samfunnet legg opp til at det er heterofili som er det normale, og det er det dei aller fleste veks opp med å tru. Men når puberteten startar, eller nærmar seg, kan mange kjenne på

motstridande kjensler knytt til sin seksualitet, og det er her kompetansemålet mtp. psykiske forandringar tek inn seksualitet. No er ikkje dette ein drøfting over kvifor forfattarane av den nye læreplanen har ordlagt seg slik, men det er eit aspekt ved den nye læreplanen som den gamle læreplanen ikkje la vekt på. Dette er det andre tema som eg har velt ut i analysen, altså seksualitet.

Det siste tema som eg har velt ut i analysen er noko som ikkje er til stede i den tidlegare læreplanen, men som eg synast er eit viktig punkt når det kjem til kva elevar skal lære i skulen i dag.

Kompetansemålet frå LK20 går inn på det, og det er med tanke på det psykiske som skjer i kroppen, spesielt når ein går inn i puberteten. Dette omhandlar kjensler og handlingar, og går òg inn på det med kva som er greitt og ikkje med egen kropp, spesielt mtp. grensesetting og sex. Eg har velt å samle desse forskjellige aspekta under eit ord/tema; kjensler.

I ei tematisk analyse er ein nøydt til å avgrense litt før ein byrjar analysearbeidet. Eg har velt å ta eit induktivt perspektiv på denne oppgåva. Det vil sei at eg har vel tema som reflekterer datamateriale godt (Braun & Clarke, 2006,s.84). Eg har, som vist ovanfor, velt tema som reflekterer læreplanane, både den boka byggjer på, og for å sjå i kontrast til den nye/gamle, utifrå kva bok eg analyserer. Ved eit induktivt perspektiv har datamateriale blitt samla inn basert på den teoretiske delen av studien. Det vil bety at denne analysen er drevet av data som er samla inn (Braun & Clarke, 2006, s.83).

Det andre eg er nøydt til å avgrense før analysen er om studien min er på eit semantisk/eksplisitt nivå, eller om den er meir et latent/interpretativt nivå. I denne studien er nivået på analysen eit semantisk nivå, som betyr at temaa kjem eksplisitt til syne i datamateriale, t.d. temaet puberteten vil eksplisitt stå i lærebøkene. Den analytiske prosessen vil då gå frå ei beskriving der datamateriale vil bli organisert i ein semantisk samanheng, og til slutt bli diskutert rundt si meining for å vere der. (Braun & Clarke, 2006, s.84). Her er ein då ute etter å beskrive overflata av det ein ser eksplisitt i lærebøkene.

Analyse

I analysedelen vil eg sjå på begge bøkene samtidig, men eg kjem til å ta for meg eit tema om gangen, og sjå om bøkene tek opp temaet, og korleis og i kva samanheng det blir tatt opp. Seinare i drøftingsdelen vil eg ta i bruk denne analysedelen til å sjå bøkene opp i mot kvarandre, korleis dei tre ulike temaa blir tatt og i kva grad.

Pubertet

Eg startar med temaet pubertet. Det fyrste eg la merke til er at Gaia 5 har eit eige kapittel som heiter Puberteten, og det er dette kapittelet eg tek utgangspunkt i. Ein kan då allereie frå fyrste stund tenkje seg at dette kapittelet kjem for det meste til å handle om kva puberteten er og kva det er som skjer i puberteten. Kapittelet startar med kva elevane skal lære i løpet av kapittelet, korleis kroppen og hovudet forandrar seg i puberteten. Vidare i kapittelet fortel boka på s.104 og 105 om den store forandringa, og at hormona styrar kroppen. Her får elevane innblikk i kva fysiske forandringar skjer i puberteten, og kva det er som gjer at dette skjer; hormona. «Du vokser fortare, og det gror hår på helt nye steder. Du begynner å svette mer under armene, og kroppen din lukter» (Spilde & Bungum, 2006, s.104). På dei to neste sidene lærar elevane om dei biologiske forandringane både for den biologiske jente-og gutekroppen, med vage illustrasjonar (sjå vedlegg 1) og forklaringsboksar. På s.108 får elevane innblikk i kva som skjer i hovudet i puberteten. Her snakkar boka om at hjernen forandrar seg, og at ein vil utvikle seg til sin eigen person. «Dessuten kommer du nok til å få sterke meninger både om hvem du er, og om hva som er riktig og galt. Det er ikke sikkert du er enig med verken foreldrene dine eller kompisene» (Spilde & Bungum,2006, s.108). Her får elevane lære at det er vanlig å ikkje alltid vere einig med dei rundt seg, og at dei mest sannsynlig vil utvikle forskjellige meiningar om diverse ting og tema.s

Frå s.110-113, får elevane lære meir grundig om korleis det er å vere biologisk gut og jente, korleis kjønnsorgana utviklar seg gjennom puberteten, og korleis dei er bygd opp. Elevane får lære om korleis sædcellene flyttar på seg, og kva som kjem ut når ein har sædutløsning. Dei nemnar ingenting om kvifor ein får sædutløsning, berre at det kan skje om natta når ein søv. Elevane lærar òg om kva mensen er, som er ein stor del av det å gå gjennom puberteten som biologisk jente, og som derfor er sentralt innan temaet puberteten. La oss no gå over til Refleks 5-boka. I motsetning til Gaia 5-boka, så heiter kapittelet som omhandlar i denne boka «Fra barn til voksen», og ein annan forskjell er at denne boka startar ikkje med kva elevane skal lære, den startar heller med to spørsmål som omhandlar kapitlet «Hva er pubertet» ,og «Hva tror du skjer med kroppen din når du blir eldre» (Grindstad et al, 2020, s.155). Her ser eg at boka har nemnt temaet pubertet, og ein kan derfor tenkje seg at boka kjem til å fortelle om kva pubertet er og kva som skjer i puberteten. På s.156 og 157 får elevane svar på spørsmålet om kva pubertet er for noko, og her snakkar boka både om den fysiske forandringa i kroppen; hårvekst, kviser, puppar, sveitte osb., men den snakkar òg om kjensler, om forandringar fr å dag til dag og konflikhtar som oppstår. «En dag syns du at alt er helt topp, neste dag kan alt være bare trist og leit. Foreldrene dine er teite, og det føles som om alt er ute av kontroll.» (Grindstad et al, 2020, s.156). På s.156-159 så går boka meir inn på detalj om kva som skjer

med den biologiske jente-og guttekroppen, og forandringane ein kan forvente seg i puberteten, med ganske gode illustrasjonar av både hår på kroppen, veksande kroppsdelar og kviser (sjå vedlegg 2).

På s.160 og 161 snakkar boka om korleis hjernen forandrar seg i puberteten, både om positive og negative forandringar, som t.d. det å bli flinkare til å løyse oppgåver og tristheit. Dette er store delar av det å gå gjennom puberteten, det er ikkje berre fysiske forandringar som skjer. Vidare på s.162-165 får elevane lære om kjønnsorgan, dei to fyrste sidene om den biologiske guten sine kjønnsorgan, spesielt om sædcellene og den sin produksjon, som er sentralt innan puberteten. Og på dei to neste sidene om den biologiske jenta sine kjønnsorgan, dei forskjellige organa, og kva funksjon dei har. Her blir det òg fortalt om kva som skjer dersom eit egg blir befrukta eller ikkje, og kva som skjer då. Vidare på s.166-167 får elevane lære meir grundig om menstruasjon, kva som skjer under menstruasjon, og kva ein brukar for å samle opp blodet. Her er det òg eit forsøk elevane kan gjere, der dei skal finne ut kor mykje ein tampong og/eller eit bind kan fange opp av «blod». På s.170 og 171 går boka inn i noko dei kallar for fordjuping. Her får elevane lese om tema og spørsmål som andre jamnaldrande barn lurer på om puberteten. Boka fortel om at elevar kan ta kontakt med både helsesøster, lærarar, foreldre og eldre søsken for å spør om ting dei lurar på, men at der òg finst ressursar på nett som elevane kan gå til dersom dette er meir behagelig. I dei forskjellige tekstboksene står det om forskjellige ting som barn kan lure på, og det er illustrert som at elevar har sendt inn spørsmål til eit netttforum. «Hei! Det ene brystet mitt er større enn det andre, det er kjempesyntlig. Er det unormalt? Bør jeg snakke med en lege? Jente 13 år» (Grindstad et al, 2020, s.171). Her er eit døme på ei av tekstboksene som står på sidene, som kan vere spørsmål som elevar som les boka òg kan lure på.

Seksualitet

Eg vil no gå over på temaet seksualitet, og gjer slik som i førre del at eg tek for med Gaia 5 fyrst. Det fyrste møte med dette temaet kjem på side 102 og 103, der det er ei lita forteljing om ein elev som snakkar ut om kjenslene sine. Det står ikkje definert i teksta kva kjønn denne eleven har, og ein får heller ikkje noko inntrykk av det gjennom teksta. Eleven fortel om kjenslene den går igjennom, og her ymtar det til at kroppen forandrar seg; «Kroppen min var ok, og jeg var glad så lenge beina kunne løpe og munnen fikk snop hver lørdag. Nå er alt annerledes. De gamle lekene føles bare feil, og noen av vennene mine oppfører seg som snørrunger. Oppe på hytta er det dødsens kjedelig....» (Spilde & Bungum, 2006, s.102). Eleven fortel om ein i klassa den likar, her står det ikkje eksplisitt i teksta kva kjønn eleven har, den er òg gitt eit kjønnsnøytralt namn på denne eleven, Sky. Her vil eg sei at det er innslag av variasjon i seksualitet, fordi der er ingen antydningar til at dette berre kan vere eit heterofilt forhold. Denne forteljinga vil då knyte seg opp til temaet seksualitet gjennom det nøytrale. På s.109

fortel boka om det å vere forelska, både heterofilt og homofilt. Boka har illustrasjonar av forskjellige par, og snakkar objektivt om det å vere forelska i både ein gut eller ei jente. «Plutselig oppdagar du at ei jente eller en gut du vet om er tusen ganger søtere og kjekkere enn alle de andre» (Spilde & Bungum, 2006, s.109). Her kjem temaet om seksualitet inn, elevane lærar om at det ikkje berre finst par som er gut+jente, men at det går ann å både vere forelska i gutar og jenter.

Eg går no over til Refleks 5-boka. På s.160-161 snakkar boka, som nemnt i førre del, om korleis hjernen forandrar seg i puberteten. Her går boka òg inn på temaet om seksualitet. Den snakkar om forelsking, både mtp. heterofili og homofili, slik som Gaia 5 gjorde, men her går boka òg inn på det som kallast bifili og panfili. «Noen av oss forelsker oss i noen av det samme kjønn. Det kalles homofili. Hvis kjønnet på den eller de du forelsker deg i ikke er så viktig heter det bifili eller panfili» (Grindstad et al, 2020, s.161). På s.169, fortel boka om det biologiske aspektet av cella som blir til når sædcelle og eggcelle møtes, og at den får kromosom både frå far og mor. Men ut på sida i ei lita faktaboks som fortel boka om at det er mange måtar menneske kan få barn på. «De kan få medisinsk hjelp. Det gjelder også homofile par og enslige» (Grindstad et al, 2020, s.169). Her fortel boka at dei som slit med å få barn kan få medisinsk hjelp, i tillegg til dei som faktisk ikkje kan få barn, slik som homofile og einslege. Her kan ein sjå temaet seksualitet, og at dei som ikkje følgjer den biologiske måten å få barn på, også har ei moglegheit til å få barn. På s.175 får vi lese eit innlegg om ein person som heiter Viktor. Viktor fortel om at han ikkje alltid har kjent seg som alle andre. Han kjenner seg ikkje igjen som gut eller som jente, og at han kan forelske seg i både gutar og jenter. Dette er eit viktig aspekt innan temaet seksualitet. Elevane får innblikk i at det er mogeleg å like både gutar og jenter, og at ein ikkje treng å identifisere seg som jente eller gut heller, at ein kan vere det ein kjenner seg igjen i.

Kjensler

Eg skal no ta for meg det siste temaet kjensler, som er eit litt breiare tema enn dei to førre, og omfattar litt meir enn berre ordet kjensler kan assosierast til, som nemnt i avklaringa av temaet. Eg vil igjen starte med Gaia 5-boka. Det fyrste eg la merke til innan dette temaet var forteljinga som ein blir introdusert i starten av kapitlet. Eg har allereie snakka om dette i temaet seksualitet, men det er også relevant her. Den forteljinga snakkar om kjenslene knytt til å gå gjennom puberteten, det å forelske seg i nokon, og korleis det kjennast. «Det er nemlig noen i klassen. Noen jeg liker altfor godt, og som jeg skulle gjerne ønske likte meg tilbake» (Spilde & Bungum, 2006, s.103). Temaet kjensler er òg representert på s.109, når ein snakkar om forelsking, «Hver gang du tenker på den du er forelsket i, kjenner du et skikkelig sug i magen. Eller det kan krible så fælt inni brystet at det nesten gjør vondt.» (Spilde & Bungum, 2006, s.109). Her er eit sitat frå boka om korleis det kjennast å vere forelska, og er noko fleire elevar kan kjenne seg igjen i.

Eg vil no gå over til Refleks 5-boka. I starten av boka, der den snakkar om kva puberteten er, snakkar dei òg om kjensler, om at det skjer psykiske forandringar i puberteten. Her har boka allereie starta med introduksjon til dette temaet. På s. 168 og 169 får elevane lære om korleis eit barn blir til, og boka startar med å seie «Når en kvinne og en mann har samleie, kan mannen få sædutløsning» (Grindstad et al, 2020, s.168). Her får elevane innblikk i korleis eit barn blir til, gjennom samleie, som går under temaet kjensler. Vidare fortel boka om kva som skjer når sædcella blir sendt inn i skjeden til kvinna, og korleis sædcella smeltar saman med eggcella. Temaet kjensler går meir ut på det psykiske knytt til seksualundervisninga, men eg vel å ta desse sidene inn under temaet fordi det er viktig for elevane å vite korleis eit barn blir til. Slik at dei kan forstå at det å ha sex kan ha store konsekvensar dersom det ikkje gjerast på ein trygg måte, og dette er noko som går på det psykiske aspektet, om elevane i framtida er klare over kva konsekvensane kan vere med samleie. Dersom ein ser på s.170 og 171, i fordjupingssidene, er der ein spørsmål frå ein elev om forelsking. Det er berre eit av mange spørsmål, men det er ein del av temaet kjensler.

På s.174-175 får vi lese to innlegg frå elevar om korleis det er å vere forelska. Det er eit viktig aspekt ved det å vere ungdom, å kjenne på romantiske kjensler for andre rundt seg. Det fyrste innlegget handlar om Birgitte som er forelska i ein gut. Dei er i same vennegjeng, og Birgitte synast det er skummelt å skulle fortelje guten at ho er forelska i han. I innlegget fortel Birgitte om kva ho kjenner på når ho tenkjer på eller ser han, og dette er kjensler som elevane kan kjenne seg igjen i, og kan knyte kjensler til. «Innsida var rosa tyggegummi og sukkerspinn og alt det der». (Grindstad et al, 2020, s.174), seier Birgitte om kjenslene hennar om det å vere forelska. Birgitte sitt innlegg treff òg ein del av å vere forelska som ein mest sannsynleg kjem til å møte i livet, det at den andre parten ikkje har dei same kjenslene tilbake. Birgitte seier ho kjenner seg «helt nummen» (Grindstad et al, 2020, s.174), og at det blei avstand mellom henne og guten. Innlegget avsluttar med at etterkvart blei dei gode venar igjen. Det andre innlegget til Viktor omhandlar òg kjensler. Det å vere forelska, men òg det å vere redd for å fortelje andre kven ein er interessert i. At det kan vere skremmande å opne seg med så intime detaljar om livet sitt til andre. Viktor seier han kjem frå ei lita bygd, og at det kanskje ikkje vil bli like godt mottatt der, som i ein større by. Viktor avsluttar med at han fortalte kva han kjenner på til ein kamerat, og at kameraten var veldig støttande, og at dei fortsatt er gode venar.

Drøfting

No som eg har sett korleis dei forskjellige tema eg har velt ut blir representert i dei to lærebøkene, skal eg drøfte likskapar og skilnadar mellom dei to læreverka, og sjå på dette opp i mot kva den tilhøyrande læreplanen seier. Eg har tatt utgangspunkt i to ulike læreverk frå to ulike læreplanar,

derfor ein vil nok kunne forvente at det læreplanane legg vekt på vil vere forskjellig frå bok til bok. Eg tek føre meg temaa kvar for seg.

Pubertet

Begge bøkene dekte dette temaet ganske godt. I Gaia 5 var nesten heile kapitlet dedikert til puberteten, noko ein kan sjå i kapitlet sitt namn.. Det er heller ikkje rart at Gaia 5 legg så mykje vekt på puberteten, då det var eit fokus i LK06 at elevane skulle lære korleis menneskekroppen utvikla seg frå befruktning til vaksen. I 5.klasse er det mange elevar som vil snart starte puberteten, eller som allereie har starta. I LK20 fokuserer kompetansemålet på kva forandringar som skjer i puberteten, og då er ikkje det rart at kapitlet i Refleks 5 òg har ein del fokus på desse forandringane. I Gaia 5 fikk elevane lære om korleis kroppen forandrar seg gjennom puberteten, både fysiske forandringar mtp, kroppen og kjønnsorgan, men også og kva som skjer inne i hovudet mtp. hormon som gjer at ein byrjar å få kjensler som ein kanskje ikkje har kjent på før. Det står jo ikkje direkte i kompetansemålet for LK06 at elevar skal lære om kjensler og det psykiske, slik som i LK20, men der står at elevane skal kunne forklare kva som skjer under puberteten, og i puberteten er det mange forandringar som skjer for det psykiske òg.

Likskapar som begge bøkene har rundt temaet pubertet er at begge bøkene har fokus på å forklare dei fysiske forandringane i kroppen, t.d. korleis kjønnsorgana forandrar seg, hår på kroppen, svette, menstruasjon og ufrivillige sædutløysingar. I begge bøkene har dei med illustrasjonar av desse forandringane, men i Gaia 5 er desse illustrasjonane vage, og forklaringa ganske enkel, medan i Refleks 5 er illustrasjonane meir realistiske, dei har med kviser, hår og veksande kroppsdelar. Tekstboksene her omhandlar meir om kva som skjer enn berre dei «typiske» ting som skjer i puberteten, som pupper, mensen og hår. Begge bøkene legg vekt på korleis kjønnsorgana fungerer og utviklar seg i puberteten, om korleis sædcellene blir utvikla og transportert. Men her er ein vesentlig forskjell frå Gaia 5 til Refleks 5. Gaia 5-boka seier at sædcellene kjem ut igjennom urinrøret, og at dette skjer ved sædutløysing, og deretter nemner at dette er noko som kan skje når ein søv. Men boka nemnar ikkje at det er det som skjer under samleie, noko som Refleks 5-boka nemner i sitt kapittel. Eg synast dette er litt merkeleg, når sædutløysing er noko av det vanlegaste som skjer under samleie, og er slik barn blir til. Gaia 5 nemner at sædcellene må smelte saman med eggcella for å kunne skape eit barn, men seier ikkje noko om korleis dette skjer. I Refleks 5-boka blir det nemnt på s.168 at når ei kvinne og ein mann har samleie, kan mannen få sædutløysing, og dette kan føre til graviditet. Her er det ein forskjell på korleis bøkene framstiller aspektet ved sædutløysing, og korleis eit barn blir til.

Når det kjem til menstruasjon, belyser begge bøkene dette temaet på ein ordentlig måte, med god informasjon om når ein får det, kor lenge det kan vare og at dei fyrste åra vil nok vere litt varierende. Dei kjem òg med tips til kva ein kan bruke når ein har menses, som bind og tampong. Her er det igjen ein liten forskjell i den nye Refleks 5-boka, fordi her belyser den eit nytt produkt som har komme på marknaden dei siste åra, menskoppen. Her kan ein og sjå på det frå eit miljøperspektiv, sidan menskoppen kan brukast fleire gongar og i mange år, nokre produsentar meiner dei kan brukast i heilt opp til 5 år (Menscopp, 2021). Dette er relevant kunnskap spesielt for personer som kanskje ikkje har nokon heime dei kan snakke med om kva ein treng av sanitære midlar når ein får menses. I Refleks 5 er det òg eit forsøk som elevane kan utføre for å sjå kor mykje «blod» ein tampong og/eller eit bind held. Dette er eit godt forsøk slik som at dei som har menses kan få eit forhold til kor mykje eit slikt middel kan tåle når det er deira tur å bruke det.

Det siste eg skal sjå på under temaet puberteten er det psykiske. Begge bøkene er innom dei psykiske forandringane som ein går gjennom i puberteten, at ein kanskje vil få andre meiningar enn venar og familie, at ein vil utvikle seg som person, skiftande humør og at ting ein likte før kanskje ikkje er så gøy no lenger. Som nemnt står det ikkje eksplisitt i kompetansemålet frå LK06 at elevane skal lære om dei psykiske aspekta ved puberteten, slik som LK20 gjer, men det er eit viktig poeng som Gaia 5-boka har tatt med. Det psykiske som bøkene tek opp t.d. forelsking og kjensler vil eg gå meir inn på når eg drøftar temaet *kjensler*. Det siste eg vil nemne er at boka Refleks 5 har gått inn for å lage eit «forum» i boka, på sine fordjupingssider. Her kan ein sjå forskjellige spørsmål som andre barn har lurt på, og dette kan vise elevane at det er naturleg å lure på ting, og at det å kunne stille spørsmål når det er noko ein ikkje forstår er heilt vanleg. Det er ein fin måte å illustrere både informasjon, og kvar elev kan oppsøke informasjon dersom dei ikkje har lært det frå før av.

Seksualitet

I Gaia 5-boka startar kapitlet med ei forteljing frå ein elev som fortel om korleis det er å gå gjennom puberteten, og om kjensler som kan kome på bana då. Eg har skrevet tidlegare at det står ikkje nemnt i teksta kven det er som skriv forteljinga, og kven det er eleven er interessert i, så eg konkluderer med at teksta er kjønnsnøytral. Dette trur eg var eit bevisst val forfattarane tok, slik at dei kunne inkludere fleire i kva dei skriv, slik at det ikkje blir eit reint heterofilt forhold. Dette er noko som, diverre, er det samfunnet forventar av dei aller fleste, vertfall på den tida når denne boka blei publisert. På s.109 tek boka opp temaet forelsking, der dei nemner at ein kan like både motsett kjønn og same kjønn, og at dette er heterofili og homofili. Dette er noko som ressursheftet Utdanningsdirektoratet har publisert snakkar om (Utdanningsdirektoratet, 2011). Dette ressursheftet er eit heftet som lærarar kan ta i bruk i grunnskulen, og som omhandlar tema som kjønn og

seksualitet, der lærarar kan få tips til korleis dei kan legge opp undervisning i slike tema. Det at ikkje alle elevar i skulen kjenner seg igjen i det som blir portrettert i media, dei heterofile forholda, men at nokon kanskje har følelsar for det same kjønn, eller at dei ikkje kjenner seg igjen i sitt eget kjønn i det heile tatt. Dette heftet publiserte Utdanningsdirektoratet i 2011, som hjelp til lærarar i Norge for å snakke om vanskelegstilte tema i seksualundervisninga, og den tek opp tema som er viktige, men som kanskje ikkje dei typiske lærebøkene tek opp.

Når det kjem til Refleks 5-boka, snakkar den det å forelske seg, slik som Gaia 5-boka gjorde. Den nemner heterofili og homofili, men det Refleks 5-boka òg nemner er bifili og panfili. Dette er to omgrep som har komme til lys dei siste åra, spesielt i media og i sosiale media. Dette er eit viktig tema boka tek opp med tanke på inkludering av LHBTIQ-miljøet, at ikkje alle passar inn i boksa for heterofili eller homofili. Ein annan ting som skil dei to lærebøkene mtp. seksualitet er at Refleks 5-boks tek opp temaet om det å få barn når ein ikkje biologisk kan få det. Boka peiker spesielt på homofile par eller einslege, som kan få medisinsk hjelp. Dette kan vise elevar at dei òg har ei moglegheit til å få barn. Det belyser eit aspekt ved reproduksjon som kanskje nokre av elevane har tenkt på dersom dei ikkje kjenner seg igjen i den heterofile delen av samfunnet, og at dei får vite at der er andre moglegheiter for dei å bli foreldre på, dersom dei skulle ønske det.

Ein siste skilnad mellom lærebøkene er at Refleks 5-boka har eit innlegg frå ein elev, der eleven snakka om at den ikkje kjenner seg igjen som verken jente eller gut, og at eleven kan forelske seg å både jenter og gutar. Her er boka inne på eit tema som er viktig for elevar å lære om, at ein ikkje alltid kjenner seg igjen med det kjønnnet ein er født som, og at ein kanskje òg vil halde seg til kjønnsnøytrale termar, som den/de. Dette er noko som elevar kan kjenne på sjølve, men òg møte på ei det verkelege liv.

Kjensler

Her vil eg igjen ta føre meg forteljinga som Gaia 5 kjem med i fyrste del av kapitlet. Om at ikkje alt kjennast ut som før, og at det oppstår kjensler som ein kanskje ikkje ha kontroll over, t.d. krangling med foreldre og forelsking. Dette er noko som Refleks 5-boka òg tek opp, og dei har begge gode beskrivingar på korleis det kan kjennast ut. T.d. i forteljinga i Gaia 5, der eleven forteljar at den kjenner eit sug i magen, og det Birgitte forteljar i innlegget sitt om at innsida er sukkerspinn og rosa tyggegummi. I innlegget til Birgitte, i Refleks 5-boka, forteljar ho òg om korleis det er å bli avvist, at dei glei i frå kvarandre, men at etterkvart vart dei gode venar igjen. Dette kan vise elevar at nokre gongar treng ein berre litt tid på å kome over ei slik avvising, I det andre innlegget til Viktor, i Refleks

5-boka, snakkar han om kjenslene sine rundt det å ikkje føle seg som alle andre, og det å vere redd for å fortelje om kjenslene sine til dei rundt seg. Til slutt fortel det til ein kamerat og at kameraten er støttande, og at dei fortsatt er gode venar. Her får elevane sjå at dersom vennen din verkeleg bryr seg om det, vil dei akseptere deg for den du er, uansett kva du identifiserer deg som og kven du likar.

I Gaia 5-boka så blir temaet kjensler dekt i liten grad, det blir snakka om kjenslene til å kome i puberteten, og kjenslene om å kjenne seg forelska, men det kunne blitt snakka meir om. Igjen står det ikkje eksplisitt i kompetansemålet til LK06 at elevar skal lære noko om kjenslene som kjem med puberteten og tenåra, men det er ein generell del av det å gå igjennom puberteten, og spesielt grensesetting og samleie. Boka nemner ingenting om samleie og kva konsekvensar det kan føre til. Det er kanskje tidleg å byrja med det på 5.trinn, men eg tenkjer, jo tidlegare ein byrjar med slike tema, i det små, jo sikrare blir elevane på dei val ein tek når ein er eldre, fordi dei har kunnskap til å vite kva konsekvensar dei handlingane har. Og spesielt temaet om grensesetting og samleie er viktig, kva som er greitt og ikkje greitt mtp. sin eigen kropp (Sex og samfunn, 2019). Dette er noko som ikkje heller den nye læreboka, Refleks 5, var inne på. Denne boka var innom at samleie kan føre til barn, men ikkje noko meir utdjupande enn det. I min utforsking etter lærebøker om seksualundervising, som nemnt i metode-delen, var 5.trinn det einaste trinnet med eit kapittel i læreboka om seksualundervising. Dersom elevar ikkje skal lære om grensesetting og samleie før ungdomsskulen, vil nok mange elevar lære om det gjennom eldre elevar og internett. Der kan dei møte førestillingar om dette som kanskje ikkje er så bra at elevar har kjennskap til, og som kan gi eit urealistisk bilete på kva t.d. sex er (Medietilsynet, 2020). I løpet av ungdomsskulen er det mange elevar som vil kjem til å utforske det å ha eit sexliv, og då er det viktig at dei har fått gode assosiasjonar til dette, og gode ressursar for å kunne søke seg fram til det dei lurar på.

Eg forventar heller ikkje at bøker som er berekna for 5.trinn tek opp temaet om samleie i utdjupande detalj. Dette er noko som elevane kjem til å lære meir på ungdomsskulen, og sjølvstøtt gjennom eigen erfaring, men temaet om grensesetting synast eg kunne blitt meir belyst. Dette er noko som elevar på 5.trinn kan møte på, både av andre elevar, andre vaksne dei anten kjenner eller ikkje kjenner, og det er viktig at elevane veit kva som er rett og galt. Det er òg viktig at dersom dei kjenner at nokon har gjort noko mot dei som dei meiner gikk over deira grense, at dei veit at dette er noko som ein skal seie frå om, anten det er foreldre, søsken, lærar eller helsesøster. Det er eit utruleg viktig tema, spesielt for gutar, men ikkje utelukkande, som veks opp i den verda vi lev i, i dag, der berre det å gå heim aleine kan vere farleg nok for jenter (Rømo & Hoel, 2021).

Avslutning og konklusjon

Avslutningsvis summerer eg opp kva eg har funnet av liksskapar og skilnadar mellom dei to lærebøkene, basert på dei tema som eg har tatt ut i frå dei kompetansemåla som omhandlar seksualundervisning frå LK06 og LK20. Når det kjem til liksskapar mellom lærebøkene, er mykje av temaet pubertet det same i begge. Elevane lærar om kva fysiske og psykiske forandringar som skjer i puberteten i begge bøkene, korleis kroppen veks, kjønnsorgana og korleis barn blir til. Ein vesentlig skilnad her er at den nye boka faktisk fortel korleis ein kan bli gravid, altså gjennom samleie. Når det kjem til temaet seksualitet, vil eg påstå at den nye læreboka legg meir vekt på det at seksualitet er meir enn berre heterofili og homofili, ved å dra inn omgrep som bifili og panfili, og innlegget til Viktor. Det siste temaet er meir breitt, som begge bøkene belyser på kvar sin måte. Begge bøkene er innom forelsking, og det å kjenne på sensitivitet når ein går gjennom puberteten, men eg skulle gjerne sett at den siste læreboka belyste temaet om grensesetting. Dette ser eg på som er eit viktig tema i samfunnet i dag.

Eg vil konkludere med at den nye læreboka absolutt har sider ved seg som kanskje ikkje samfunnet hadde så mykje fokus på tilbake til tidleg 2000-talet, men som er viktige tema i år 2020, og vidare framover. Den tek opp gode tema som seksualitet og forandringar i puberteten som blir illustrert og bevisstgjort at fleire elevar slit med. Men igjen, meiner eg at boka kunne ha tatt med temaet grensesetting. Den gamle læreboka reflekterte den gamle læreplanen, ved at den svarer på kva som skjer med menneskekroppen frå befruktning til vaksen, ikkje heile spekteret, men dette er berre eit kapittel i ei bok frå 5.trinn. Den kan ikkje belyse alle aspekt ved livet. Men den dekkjer det andre kompetansemålet om kva som skjer under puberteten, og samtale om kjønnsidentitet og variasjon i seksuell orientering. Når det kjem til den nye læreboka og kompetansemålet frå LK20, vil eg påstå at det er ein god kandidat som tek opp alle delar av kompetansemålet, både dei psykiske og fysiske forandringane i puberteten, og samtale om korleis det kan påverke handling, kjensler og seksualitet.

Kjelder

Amnesty International. (2015, 14.august). *Seksuell grensesetting: Hva er god sex? Hvor går grensen?*.

Amnesty International. <https://amnesty.no/seksuell-grensesetting-hva-er-god-sex-hvor-gar-grensen>

APPG for UN Women. (Mars 2021). Prevalence and reporting of sexual harassment in UK public spaces. https://www.unwomen.org/site/wp-content/uploads/2021/03/APPG-UN-Women-Sexual-Harassment-Report_Updated.pdf

Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology, *Qualitative Research in Psychology*, 3, 77-101.

<https://folk.ntnu.no/baldurk/skolearbeid/Kvalitative%20metoder%20PSYPRO4318/thematic%20analysis.pdf>

Bufdir (2018, 13.november). Hva står LHBT for. Bufdir.

https://www.bufdir.no/lhbt/LHBT_og_levekar_Hva_sier_forskningen/Hva_er_LHBT/

Bufdir. (2021, 29.januar). Hatkriminalitet og diskriminering. Bufdir.

https://bufdir.no/Statistikk_og_analyse/lhbtig/Hatkriminalitet_og_diskriminering/

Engelsen, B. U. (2008) Kunnskapsløftet: Sentrale styringssignaler og lokale strategidokumenter.

(finne ikke?) Universitetet i Oslo PFI. <https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/Sentrale-styringssignal-og-lokale-strategidokument---fyrste-delrapport-2008/>

Grindstad, M.K., Lyngvær, E., Spilde, I. & Staberg, R.L. (2020) Refleks 5 -Elevbok (1.utg). Gyldendal

Gyldendal. (2020) Refleks 5, Naturfag, Elevbok. Gyldendal. Henta 14.april 2020.

<https://www.gyldendal.no/grs/refleks/5/refleks-5-naturfag-elevbok/p-692645-no/>

Lederman, N.G., & Abell, S.K. (2014). *Handbook of research on science education: Volume 2*. New York u.a: Routledge.

Medietilsynet (2020, 25.mai). *Nye rapporter fra Medietilsynet og Redd Barna: Flere barn og unge ser på porno*. Medietilsynet. <https://www.medietilsynet.no/om/aktuelt/nye-rapporter-fra-medietilsynet-og-redd-barna-flere-barn-og-unge-ser-porno/>

Menskopp. (u.å). Fordeler med menskopp. *Menskopp*. Hentet 18.april 2021 fra

<https://www.menskopp.no/comparison>

Molvik, J. S. (2018, 7.februar). Dagens seksualundervisning handler for mye om banankondomer og misjonærstilling. Stavanger Aftenblad – Byas.

<https://www.byas.no/aktuelt/i/wPXQvA/dagens-seksualundervisning-handler-for-mye-om-banankondomer-og-misjo>

Nærum, S. R. (2020, 21.januar). Én av fem graviditeter ender i spontanabort: - Forventes at vi skal ta det på strak arm. NRK – Vestfold og Telemark. [https://www.nrk.no/vestfoldogtelemark/en-av-fem-graviditeter-ender-i-spontanabort--forventes-at-vi-skal-ta-det-pa-strak-arm-](https://www.nrk.no/vestfoldogtelemark/en-av-fem-graviditeter-ender-i-spontanabort--forventes-at-vi-skal-ta-det-pa-strak-arm-1.14811583)

[1.14811583](https://www.nrk.no/vestfoldogtelemark/en-av-fem-graviditeter-ender-i-spontanabort--forventes-at-vi-skal-ta-det-pa-strak-arm-1.14811583)

Rømo, F. R. & Hoel, K. (2021, 20.mars). Kvinner er redde for å gå hjem alene i mørket: - Du føler deg utrygg. NRK – Trøndelag. [https://www.nrk.no/trondelag/kvinner-er-redde-for-a-ga-hjem-](https://www.nrk.no/trondelag/kvinner-er-redde-for-a-ga-hjem-alene-i-morket--du-foles-deg-utrygg-1.15424189)

[alene-i-morket - -du-foles-deg-utrygg-1.15424189](https://www.nrk.no/trondelag/kvinner-er-redde-for-a-ga-hjem-alene-i-morket--du-foles-deg-utrygg-1.15424189)

Sex og samfunn (2019, 31.oktober). *Undervisningsopplegg om grenser og seksualitet*. Sex og

samfunn. <https://sexogsamfunn.no/2019/undervisningsopplegg-om-grenser-og-seksualitet/>

Spilde, I. & Bungum, B. (2006) Gaia 5 – Naturfag – Elevbok (1.utg). Gyldendal

Utdanningsdirektoratet. (2006). Læreplan i naturfag (NAT01-03). <https://www.udir.no/kl06/NAT1-03>

Utdanningsdirektoratet. (2011). *Seksualitet og kjønn – et ressurshefte for lærer i grunnskolen*.

[Ressurshefte]. <https://www.udir.no/globalassets/upload/brosjyrer/5/udir-ressurshefte-seksualitet-del1-2-rev2011.pdf>

Utdanningsdirektoratet. (2020). Læreplan i naturfag (NAT01-04). <https://www.udir.no/lk20/nat01-04>

Utdanningsnytt. (2018, 3.april). Regjeringen piffer opp seksualundervisningen. Utdanningsnytt.



<https://www.utdanningsnytt.no/seksualundervisning/regjeringen-piffer-opp-seksualundervisningen/163586>

Waagene, E., & Gjerustad, C. (2015). Valg og bruk av læremidler: Innledende analyser av en spørreundersøkelse til lærere (NIFU Arbeidsnotat;2015-12). Henta 31.januar 2020

[https://nifu.brage.unit.no \(forkortet\)](https://nifu.brage.unit.no (forkortet))


Vedlegg

Vedlegg 1



Vedlegg 2

Guttekroppen



Kvisene kommer
Gutten kan få kviser i ansiktet, på ryggen og på brystet. Dette er hormonenes skyld. De fyller porer (hulrom) i huden med fett. Porene kan da bli røde og betente.

Stemmeskjiftet kommer
Stemmebåndene blir lengre og tykkere. Da blir stemmen mørkere. Mens stemmebåndene vokser, vil stemmen kunne skifte mellom å være lys og mørk. Gutten er da i stemmeskjiftet.

Kroppen vokser
Føttene blir større og kroppen lengre. Muskulaturen blir også større.

Hårvekst
Det begynner å vokse hår rundt penis, under armene og i ansiktet. Gradvis kommer også hår på armene og beina og i en smal stripe opp mot navlen. Dunete hår på overleppa og haka blir etter hvert til bart og skjegg. Og det kommer ofte hår på brystet – men ikke med det aller første!


Brystvortene vokser
Brystvortene kan bli litt større, harde og ømme.

Kjønnsorganene vokser
Testiklene vokser. Penisen blir tykkere og lengre. Gutten merker at penisen oftere blir stiv.

Sæduttøsting – for første gang
Når testiklene har produsert en viss mengde testosteron, vil sædceller begynne å lekke ut i urinrøret, og gutten vil få sæduttømming om natta. Den første sæduttøstingen har skjedd, og gutten er nå i stand til å lage barn. Den første utløsningen kan også komme ved at gutten tar på seg selv.

Sædceller lages
Testiklene begynner å lage sædceller.

Jentekroppen



Kvisene kommer
Jenta kan få kviser i ansiktet, på ryggen og på brystet. Noen får mange kviser, mens andre bare får noen få.

Stemmen forandres
Stemmebåndene hos jenta vokser, og hun får mørkere stemme. Jenta kommer i stemmeskjiftet akkurat som guttene, men hos henne merkes det nesten ikke.

Kroppen vokser
Føttene blir større og kroppen lengre. Hoftene blir etter hvert bredere, slik at et barn kan komme seg fram og ut under fødselen.

Brystene vokser
Brystene begynner å vokse. De er ofte litt ømme, og hos noen vokser det ene brystet raskere enn det andre.

Eggcellene modnes
Eggcellene som jenta er født med, modnes én etter én. Hver måned slipper et modent egg ut i egglederen. Jenta har egglesning.

Hårvekst
Det begynner å vokse hår i skrittet og under armene. Senere kommer også hår på armene og beina, og i ansiktet.

Kjønnsorganet vokser
Kjønnsleppene vokser.

Mensens – for første gang
Omtrent et år etter at puberteten startet, får jenta sin første egglesning. Hvis egget ikke befruktet av en sædcelle, kvitter livmoren seg med egget og sitt tykke, blodrike slimlag. Da kommer det en blødning fra skjeden: mensel! Det betyr at jenta nå er i stand til å lage barn.

Utfod
Jenta kan få utflod fra skjeden minst et år før mensel kommer for første gang. Det betyr at kroppen gjør seg klar til å begynne med mensel. Utfloeden er en lys, melkeaktig væske som jenta ser spor av i trusa. Fargen kan variere fra nesten helt hvitt til lysegul.

158 REFLEKS 5

Kapittel 6 – Fra barn til voksen 159